



Røykstova, på folkemunne kalla Geitebuhuset, har kollapsa fullstendig

Røykstova øverst i Geilo, som mange meiner var det eldste huset i Uskedalen, har kollapsa. I helga braut det fullstendig saman og let seg ikkje redde. Det er no ein ruin og oppryddinga har i dag vore i full gang.

Samanbrotet skjedde medan det utan tvil verneverdige huset var under restaurering. Men eigar Kjell Yri innrømmer at røykstova var svakare og hadde meir råte enn han rekna med då arbeidet vart sett i gang. Dei midlertidige, berande konstruksjonane viste seg å vera for svake.



Huset let seg ikkje redde

-Burde ikkje restaureringa vert sett igang før, Kjell Yri?
-Det kan så vera, men det ville ha kosta tid og pengar.
svarar Yri, som har høyrte at huset var frå 1700-talet.

Det hadde også stått på den andre sida av vegen og vart
kalla Geitebuhuset fordi Lars og Helen Geitebu budde der
før siste krig.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen